

Innkalling til møte i fou-utvalet måndag 8. september kl 12.30

Møterommet Fossbygget

Sakliste m/saksutgreiing

24/08 Godkjenning av innkalling og sakliste

25/08 Orienteringar

- Stipendiatstillingar (open utlysing/profesjonsstilling)
- NFR/UHR-konferanse fou i høgskulane, Ålesund 20-21 nov.
- Publikasjonspoeng hittil i år
- Utvikling av heimesider for fou
- Forskingsdagane/fagdagar
- UH-Nett Vest, oppnemning av arbeidsgrupper

26/08 Midtvegsrevisjon av fou-strategien ved HSF

Bakgrunn:

HSF sin strategiplan vart vedteken av styret i mars 2006. I denne planen vart verksemda ved HSF delt inn i tre faglege kjerneområde:

- Ei profesjonsfag fagklynge retta inn mot dei store velferdssektorane i samfunnet
- Ei øk/adm fagklynge retta mot både privat næringsliv og offentleg forvaltning
- Ei fagklynge retta mot naturforvaltning, friluftaktivitetar og opplevingsnæringar

”Enkeltstudium utanom desse fagområda kan bli prioriterte dersom dei har god studentrekruttering og/eller ein fagkompetanse som held høgt fagleg nivå,” heitte det i planen. Om målsetjingar for og organisering av fou-arbeidet sa planen følgjande:

Fou-arbeidet i HSF desse måla:

- Medverka til forskingsbasert kunnskapsutvikling innanfor fagområda våre med særleg fokus på profesjonsfaga.
- Sikra høg vitenskapleg kvalitet og auka vitenskapleg og anna publisering.
- Sikra at utdanningane våre har eit fagleg innhald som er forskingsbasert.
- Sikra at HSF har kunnskap om arbeidslivet sine behov og utfordringar.
- Fungera som eit anerkjent kompetansesenter for arbeidsliv og samfunn.

For å realisera desse målsetjingane vil HSF:

- Organisera fou-arbeidet i forskingsgrupper kring tema som har ein klar yrkesrelevant profil med ein seniorforskar som leiar.
- Forskingsgruppene skal vera i stand til å konkurrera om nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag, samstundes som dei kan ta på seg meir utviklingsprega oppdrag.
- Forskingsgruppene skal delta i nasjonale og internasjonale nettverk.
- Kanalisera fou-ressursar til dei utvalde forskingsgruppene.
- HSF sitt fou-utval har eit særleg ansvar for å sikra kvaliteten på fou-arbeidet vårt.

HSF sin interne budsjettmodell skal tilpassast målsetjingane ovanfor samstundes som han tar omsyn til dei føringane som ligg inne i den nasjonale budsjettmodellen.

HSF vil inngå eit forpliktande samarbeid med Vestlandsforsking for å styrkja forskingsaktiviteten i Sogn og Fjordane. Vestlandsforsking og HSF skal stå fram som eit felles forskingsmiljø med eit forpliktande samarbeid på utvalde fagområde. Prioriterte fagområde er reiseliv og fagretta ikt, men talet på samarbeidsområde skal utvidast.

Kva har skjedd:

- Fou-utval/styre har peikt ut fem fou-satsingsområde: kulturlandskap, organisasjon og leiing, læringsforskning, profesjonsforskning og klinisk helseforskning.
- Det er tilsett/utpeikt forskingsleiarar og etablert forskingsgrupper for alle områda, etter litt ulike modellar. Det er løyvd ekstra institusjonsmidlar til arbeidet.
- Saman med VF er *Senter for berekraftig reiseliv og geoturisme* etablert og har kome godt i gang med si verksemd. Kor sterkt har HSF prega dette?

Andre fou-område

Utan at det er nedfelt i nokon planar har VF og HSF etablert eit forskingsprogram i *Fornybar energi*, finansiert av energiselskapa i fylket. Det er tilsett tre stipendiatar og ein prosjektleiar. Ei stilling som professor er under tilsetjing. Saman med m.a. NTNU vert det no arbeidd med ein søknad til NFR om kome med i ordninga for *Forskningsentra for miljøvennlig energi*.

På *idrettsområdet* har HSF i fem år hatt betydelege tilskotsmidlar til fagleg utvikling. I samarbeid med NIH er ein person tilsett i kvalifiseringsstilling for professor (post.dok). Idrettsstudia våre har god studentsøking, har 4-5 stipendiatar, publiserer bra, og har mange yngre, dyktige fagtilsette.

Framtida/endringar

Utvalseiar Bukve har laga eit notat om "Moment til midtvegsrevisjon av fou-strategien" (vedlagt). Notatet hans er delvis knytt opp mot Forskningsrådets policynotat frå desember 2007 om "Forskning ved statlige høgskolene" (sjå her: <http://www.forskningsradet.no/no/Nyhet/Ny+policy+for+forskning+ved+de+statlige+hogskole/1197309594551>). Her er profesjonsforskning, øk/adm-forskning og teknologisk fou peikte ut som satsingsområde for høgskulane. Kan vi møte utfordringane her? Notatet til Bukve prøver å svare. Han avsluttar notatet sitt med å vurdere fagområda idrett og kulturlandskap og disiplin faga, og vurderer til slutt ulike handlingar.

Nokre andre moment til diskusjonen kan tilføyast:

- Kor mange satsingsområde kan og bør vi ha? Vi har fem + idrett + fornybar energi + reiseliv = 8 område.
- Kva kjem eigentleg inn under dei ulike satsingsområda?
- Samanhengar mellom utvikling av utdanningar og fou-satsingar?
- Kva for krav bør vi stille for satsingsområda – når det gjeld publisering, eksterne inntekter, kompetanseutvikling?
- Kor lenge gjeld statusen som satsingsområde?
- Kor mykje ressursar skal setjast av til forskingsleiing?

Bukve sitt notat antyder avslutningsvis éin kort og éin lang prosess. Vi bør vel skunde oss langsamt her, og velje den lange prosessen?

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

27/08 Endring av HSF sin ressursfordelingsmodell

Rektor arbeider for tid med forslag om å endre HSF sin ressursfordelingsmodell. Eit dekanutval la fram ei utgreiing om dette i vår. Saka skal opp på styremøtet 30 september.

For fou-utvalet er det naturleg å konsentrere seg om fou-komponenten. Her skriv rektor følgjande (i den førebels innstillinga):

HSF gjev fou-ressursar til avdelingane etter fylgjande parametarar:

| | | |
|--|----------------------------------|---|
| Basisressurs etter undervisningsmengde | 10 % av arb.timar i undervisning | Ca 11 årsverk |
| Kompetanseressurs; Førstestilling | 33,8 at. pr. stilling | Ca 1 årsverk |
| Professor | 421,9 at. pr. stilling | Ca 1 årsverk |
| Etter resultat | Eksterne innt. KD sin fou-ind. | Tilpassa samla ramme på 1 årsverk 50 % av fou-løyving frå KD |
| | | 1 årsverk Ca 1,5 årsverk |

Totalt får avdelingane 15-16 årsverk til fou-arbeid der hovudtyngda av ressursane er knytt til ein basisressurs som er avhengig av undervisningsmengde. Ressurstildeling knytt til kompetanse og til resultat er etter måten små.

Tidlegare var fou-tildeling knytt mykje nærare opp til stillingsstruktur med eigne ressursrammer for høgskulelærar, høgskulelektor, førstestillingar og professor. Etter at fou-ressursen meir vart å rekna som ein fellesressurs og ikkje som ein individuell ressurs, har HSF redusert kompetansefaktoren mykje.

HSF si ressurstildeling til fou-arbeid er elles prega av ein etter måten stor basisressurs og med mindre vekt på resultat. Denne profilen byggjer på fylgjande vurderingar:

- All undervisning skal vera forskningsbasert og det betyr at alle fagmiljø må få ein fou-ressurs
- HSF har etter måten stort innslag av profesjonsutdanningar med behov både for kompetanseheving og å utvikla fou-arbeidet sitt. Modellen må derfor sikra dei store profesjonane midlar til slikt arbeid.
- Det er føresett at resultatvurderinga primært skal skje på avdelingsnivå der dekan tildeler fou-ressursar etter oppnådde resultat og søknad.
- Det er vanskeleg å utvikla resultatindikatorar for fou-verksemnd som treff i forhold til arbeidsinnsats/lønskostnad.
- Det er vanskeleg å utvikla gode indikatorar for utviklings- og formidlingsarbeid som er ei prioritert oppgåve i høgskular av HSF sin type.
- Det er svært ulike fagmiljø i HSF med omsyn til fou-profil og det kan gjera det vanskeleg å utvikla indikatorar som treff godt nok for alle miljø.

Samstundes har denne profilen utvikla seg noko stegvis med små endringar kvart budsjettår. Det har ikkje vore nokon samanfattande drøfting der alle komponentar vert vurdert opp mot einannan.

Vurderingar

Eit hovudval

Eit hovudval når det gjeld tildeling av fou-ressursar i HSF er vektinga mellom fou-tildeling knytt til undervisningsmengde, til kompetansenivå i fagmiljøa og til fou-resultat. Det er også ei problemstilling kor mykje av styringa som skal liggja på institusjonsnivå og på avdelingane.

Noverande modell har ei tydeleg prioritering av ved at avdelingane får ein etter måten stor fou-ressurs knytt til undervisningsmengde og som dekanen styrer. Det er signalisert både frå Utvalet som har vurdert ressursfordelingsmodellen at på sikt bør fou-ressursen lausrivast noko frå undervisningsressursen og gjerast meir resultatbasert. Fou-utvalet har også drøfta ressursfordelingsmodellen og signalisert at for mykje av ressursane er knytt opp til studiepoengproduksjon.

Ut frå desse signala vil det vera gode argument for å redusera den undervisningsavhengige komponenten noko og styrka den resultatbaserte fou-tildelinga. Det er også argumentert for at den strategiske fou-løyvinga bør aukast. Det er vurdert tidlegare i notatet.

Ei mogleg justering kan vera:

- Den undervisningsavhengige fou-komponenten vert redusert frå 10 prosentpoeng til 8 prosentpoeng.
- 100 % av KD si fou-løyving vert vidareført direkte til den avdelinga som har skapt resultatata.
- Andre eksterne inntekter inkl. kurs gjev ei resultatløyving til avdelinga. Nivået vert auka til 2 årsverk frå noverande 1 årsverk og er ei omfordelingsløyving.
- Kompetanseprofil. Fou-løyving knytt til førstestillingar vert fjerna, medan fou-ressursen til professorar vert oppretthalde.
- Den strategiske fou-ressursen på institusjonsnivå vert auka med 2 årsverk for å styrka løyvingane til førstelektorprogram /post-doc stipend og for å ha noko meir midlar til eigendel i strategiske viktige prosjekt for HSF.

Totalt vil dette medføra ein reduksjon i basisressursen til avdelingane på 2 prosentpoeng (frå 10 % til 8 %). Det kan vurderast å styrka resultatløyvinga ytterlegare, men det vil vera diskutabelt å redusera basisressursen under 7,5 %.

Fou-utvalet må drøfte den føreslegne justeringa. Rektor sitt forslag til vedtak er at fou-utvalet sluttar seg til vurdering og framlegg av endring av tildeling av fou-ressurs til avdelingane.

28/08 Handlingsplan fou-utvalet 2008/09

Gjeldande planverktøy (inklusive handlingsplan) vart sendt ut til medlemmene av utvalet for ei veke sidan. Planen er vedlagt. Det har ikkje kome innspel til sekretær.

På møtet kan vi gå gjennom status for handlingsplan og tiltak 2008, og drøfte moglege nye punkt det særskilt bør arbeidast med H-2008 og i 2009. De vil sjå at det er ein del av tiltaka som ikkje er gjennomførde i 2008, og heller ikkje kjem til å verte det. På den andre sida er det kanskje ting som vert gjennomført, som ikkje står på planen i det heile.

I kommande studieår bør vi ha som siktemål å få gjennomført ei samling for doktorgradstudentane, ei samling for dei som arbeider med førstelektoropptrykk og eit seminar om oppdragsforskning i lag med VF, med vekt også på EU-finansiert forskning.

Elles vert medlemmene bedne om å sjå på gjeldande plan og kome med enkle forslag til handlingar og tiltak 2008/09. Det er viktig at vi er edruelege når det gjeld forslag.

29/08 Bindingstid for stipendiatar

Bakgrunn

Dette spørsmålet vart drøfta i sak 18/08 på møtet i fou-utvalet 9 juni. Utvalet var då positive til at HSF innfører ei (moralsk) bindingstid for stipendiatar som er fast tilsette i HSF-stillingar, og som får doktorgradsarbeidet sitt finansiert av høgskulen.

Vi sende ein e-post til departementet i vår, der vi spurde om:

”I mange av stipendiatstillingane våre har vi tilsett folk som sit i faste stillingar som høgskulelektor. Vi drøftar no om det bør innførast bindingstid for desse... ; dvs. at dei må plikte seg til å arbeide ei

viss tid ved HSF etter at dei har disputert... Vi har ei slik ordning når det gjeld interne doktorgradsstipend. Men no er det stipendiatstilling som er normalvegen til doktorgrad. Bør eller kan høgskulane ha reglar om bindingstid for stipendiatar som sit i, og har permisjon frå, faste høgskulelektorstillingar?"

Departementet svart oss slik i brev av 19.6:

"Vi viser til e-post 26. mai 2008.

Vår ref Dato

200803450-/JAN 19.06.2008

Særavtale om permisjon og økonomiske vilkår ved etter- og vidareutdanning, kurs mv. har i kapittel 3 § 9 reglar om avtale om pliktteneste ved permisjonar med heil eller delvis løn. Etter § 1 nr. 2 gjeld kapittel 2 og 3 i særavtala ikkje for undervisningspersonale ved universitet og høgskolar. Det blir vist til at dette personalet har egne reglar. Det er for tida ikkje fastsett slike reglar."

I kapittel 3, paragraf 9, pkt. 1 i den nemnde særavtalen heiter det:

"Når det gis permisjoner med hel eller delvis lønn, og/eller utdanningsutgifter/stipend dekkes av virksomheten, skal det inngås avtale mellom arbeidstaker og arbeidsgiver om plikttjeneste og om refusjon av utdanningsutgifter/stipend hvis arbeidstakeren unnlater å oppfylle avtalen om plikttjeneste."

Denne paragrafen gjeld altså ikkje for "undervisningspersonale ved universitet og høgskular. Men det er ikkje fastsett egne reglar for "oss". Det nærliggjande då er at vi tek utgangspunkt i særavtalen.

Vurdering

Vår tolking er at vi er på trygg grunn når/om vi innfører bindingstid for stipendiatar. Bindingstida vil sjølvsagt berre gjelde stipendiatar som når dei vert tilsette i stipendiatstillinga, har ei fast stilling som høgskulelektor e.l. ved HSF. Dei får då permisjon frå denne stillinga, så lenge dei er tilsette som stipendiatar.

HSF bør innføre ei slik bindingstid. Dette er ei naturleg vidareføringa av tilsvarande ordning vi framleis har for dei som vert tildelte interne doktorgradsstipend. Denne ordninga er no i ferd med å verte avvikla, sidan nesten alle våre doktorgradsstudentar no er tilsette som stipendiatar. For desse bør det vere sam bindingstid som for dei som er/har vore finansierte av egne doktorgradsstipend. I regelverket for doktorgradsstipend heiter det i par 9:

"Tildelte doktorgradsstipend medfører bindingstid ved høgskulen. Tilsette som vert tildelte doktorgradsstipend må skriftleg forplikte seg til arbeide ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i den avtalte bindingstida. Doktorgradsstipend for eitt år, medfører bindingstid i $\frac{3}{4}$ år. Doktorgradsstipend over fire år medfører ei samla bindingstid på tre år ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Avkorta stipend gir tilsvarande avkorta bindingstid. Bindingstida vert fastsett av styret ved tildeling av doktorgradsstipend. Dersom den tilsette sluttar i stilling ved HSF før bindingstida er over, skal stipendet tilbakebetalast høvesvis."

Rektor vil ut frå dette foreslå følgjande:

Stipendiatar ved HSF som er fast tilsette som høgskulelektor e.l. ved HSF, og som får permisjon frå denne stillinga for å ta til i stipendiatstilling finansiert av høgskulen, vert pålagde ei bindingstid i stilling ved HSF etter at stipendiatperioden er over. Bindingstida vert fastsett til tre år for ein stipendiatperiode på fire år. Bindingstida skal særskilt gå fram av tilsetjingsbrevet. Dersom den tilsette sluttar i stilling ved HSF før bindingstida er over, skal stipendet tilbakebetalast høvesvis."

Planverktøy for fou-utvalet 2008-2011, vedteke på fou-utvalsmøte 14.4.08

| STRATEGISK PLAN 2008-2011 | HANDLINGSPLAN | TILTAK 2008 |
|---|--|--|
| Utvikle dei fou-områda som er vedtekne i HSF sin strategiplan. Dette skal skje gjennom faglege fellestiltak, tilrettelegging av infrastruktur for fou, og ved å vere pådrivar for å utvikle dyktige fagmiljø og gode finansieringsordningar. | <ul style="list-style-type: none"> - Medverke til at det vert tilsett fou-leiarar og etablert forskingsgrupper på dei vedtekne satsingsområda - Syte for at fou-leiarane lagar årlege planar og statusrapportar for sine område - Syte for at fou-prosjektleiingar får regelmessige økonomioversyn over aktive prosjekt | <ul style="list-style-type: none"> - Invitere til to samlingar i fou-forum ved HSF (juni og desember) - Få dei lokale fou-utvala/dekane til å oppsummere røynsler med tildeling av fou-ressursar på avdelingane - Drøfte omlegging/tilpassing av ressursfordelingsmodellen saman med dekanutvalet som vurderer modellen |
| Vere premissleverandør for utvikling av HSF sine fou-strategiar. | - Jamleg ha HSF sine fou-strategiar på dagsorden på møta i fou-utvalet | - Drøfte iverksetjing/ending av strategiane på siste møtet i utvalet i 2008 |
| Leggje til rette for kompetanseheving gjennom doktorgrader og postdok-løp. Strategiske satsingar har prioritet, men det må vere rom også for frie tildelingar. | <ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre eit fagleg fellestiltak med eige tema og/eller felles samling for stipendiatar/dei som er opptekne på førstelektorprogram - Fou-utvalet må drøfte tiltak for å halde oppe høg gjennomføringsgrad for doktorgradsløp | <ul style="list-style-type: none"> - Invitere alle doktorgradsstudentar til samling i mai - Drøfte mogleg mentorordning for dr.gradsstud. med avdelingane - Kome med innspel om tideling av nye stipendiatstillingar |
| Stimulere fleire til å ta førstelektorløp og utvikle betre og meir strukturerte ordningar for kvalifisering gjennom slike løp. | - Utvikle ei rettleiing for dokumentasjon av pedagogisk og anna utviklingsarbeid | <ul style="list-style-type: none"> - Skipe til samling for dei som arbeider med 1.lektoropprykk hausten 2008 - Få avdelingane til å setje i verk ei rettleiarordning |
| Utvikle vitskapleg forskning av høg standard. Stimulere til meir vitskapleg publisering. | <ul style="list-style-type: none"> - Bidra til å halde høg fokus på kvalitet i høgskuleforskninga - Auke talet på publikasjonspoeng dei neste åra | <ul style="list-style-type: none"> - Fagdag sept. 2008 skal målrettast mot forskingsaktive tilsette - Utgjeving av nye teljande publikasjon skal meldast på avdelingane sine heimesider |
| Medverke til å auke omfanget av eksternt finansiert fou ved høgskulen. | - Stimulere til større merksemd kring oppdragsbasert fou | - Skipe til seminar 2008 om oppdragsforskning i lag med VF (særleg om NFR- og EU-prosjekt) |
| Ivareta HSF si rolle som regional utviklingsaktør ved å styrkje forskning og utviklingsretta arbeid retta mot regionen. | <ul style="list-style-type: none"> - Bidra til skiping av seminar og møteplassar der regionalt retta forskning er tema. - Vere aktive regionale formidlarar | <ul style="list-style-type: none"> - Vere med å skipe til "signalkonferanse i oktober saman med Sogn Næring og Sparebanken Vest - ??? |
| Styrkje den internasjonale profilen på fou ved HSF. | - Utvikle samarbeidet med VF på utvalde område | Skipe til seminar i fou-forum + andre inviterte om internasjonalt finansiert forskning/EU-forskning |
| Medverke til at det blir drive fou-basert undervisning og at studentane blir dregne med som ein ressurs i fou-arbeid | - Utvikle samarbeid med Studieutval og Studentparlamentet om fou-basert undervisning | <ul style="list-style-type: none"> - Medverke til Fagdag om fou-basert undervisning i januar 2008 - Konkretisere innhaldet i |
| Formidling og synleggjering av fou gjennom publisering, utvikling av open access-ordningar og populærvitskaplege formidlingstiltak | <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle Open Access-ordningar for HSF-publikasjonar, også studentarbeid, i samarbeid med biblioteket - Halde fram kronikksamarbeid med lokalavisene - Markere Forskingsdagane - Bidra til tilskiping av "signalkonferansar" | <ul style="list-style-type: none"> - Delta aktivt i Forskingsdagane 2008 i slutten av september - Skipe til kurs i kronikk-/artikkel-skriving mai 2008 - Yte støtte til/utvikle HSF sitt opne publiseringssystem "Brage". |